

# Handel med eigedom

■ **ASKVOLL:** Ask, gnr 24 bnr 14, er overdrege for kr 650 000 frå Kirsten Nelly Hertzberg Ask til Helene Johanne Hertzberg Ask, Aud-Harriet Hertzberg Ask Kolberg og Eivind Martin Hertzberg Ask.

Del av Askevold, gnr 22 bnr 29, er overdrege frå Ruth Haugen til Vera Haugen.

Oslandsbotten, gnr 111 bnr

1, er overdrege frå Søren I. Oslandsbotten til Tomina Elisa Oslandsbotten.

Oslandsbotten, gnr 111 bnr 1, er overdrege frå Tomina Elisa Oslandsbotten til Trygve Harald Oslandsbotten, Eldbjørg Støfring, Ingrid Sylvei Nilsen, Turid Oslandsbotten Bilstad og Åse Britt Oslandsbotten.

Del av Oslandsbotten, gnr 111 bnr 1, er overdrege for kr 140 000 frå Trygve Harald Oslandsbotten, Ingrid Sylvei Nilsen, Turid Oslandsbotten Bilstad og Åse Britt Oslandsbotten til Eldbjørg Støfring.

Ask, gnr 24 bnr 100, er overdrege frå Gunnar Ask til Jolanta Ask.

Flokenes, gnr 98 bnr 40, er

seld for kr 50 000 frå Magna Flokenes til Frank Osland og Åshild Hestvik Grytten.

Flokenes, gnr 98 bnr 39, er overdrege frå Ingvar Bjarne Osland til Frank Osland og Åshild Hestvik Grytten. Bakke, gnr 212 bnr 39, er overdrege frå Janne Sissel Bakke til Svein Bakke og Bente Johanne Bakke.

Ask, gnr 24 bnr 84, er seld for kr 14 000 frå Alf Martin Folkestad til Robert Loftheim og Anne Marie Risøy Loftheim.

Bakke, gnr 12 bnr 2, er seld for kr 1 480 000 frå Bente Merete Årset og Pål Kristiansen til Håvard Søreide Yrdestad og Miriam Torillsdatter Harbo.

Vårdal ytre, gnr 202 bnr 26,

er overdrege frå Ingvild Vårdal til Margit Vårdal.

Askvold prestegard, gnr 23 bnr 77, er seld for kr 21 352 frå Opplysningsvesenets Fond til Roald Nordeide.

Vik, gnr 204 bnr 56, er seld for kr 1 050 000 frå Olaug Merete Steinset til Dag Roar Fridtun.

**Kjelde:** Statens kartverk



**KOLFYRT:** D/S Stavenes slik den såg ut i 1934, og slik den skal sjå ut etter restaureringa er ferdig. Einaste skilnaden blir eit litt lengre salonghus på akterdekket. Veteranskipslaget Stavenes håper båten kan gå for eiga dampmaskin til Florø i august. Foto: Veteranskipslaget Stavenes

# Einaste kolfyrte dampbåt

**VETERANSKIP:** I august kan veteranskipet Stavenes gå for eiga maskin inn på hamna i Florø, som den einaste kolfyrte dampbåten på Vestlandet. Og kolet har den kanskje henta på den gamle kolkaia i Flåm.

KJELL AGA ULVESTAD tekst

– Mykje skal klaffe om vi skal få Stavenes til Florø for eiga dampmaskinkraft til Fjordstema 5.-8. august, men vi satsar på det. Stavenes skal til Florø desse dagane uansett, om han så må slepast. Folk vil få oppleve eit fartøyvernprosjekt i sterk framgang, og få syn for kor staseleg ein ferdig restaurert Stavenes vil bli, seier Øyvind Konglevoll, leiar i Veteranskipslaget Stavenes.

## Kolkai i Flåm

Veteranlaget har vedteke at Stavenes skal bli kolfyrt, slik den var i alle dagar den gjekk som dampbåt.

## ■ Stavenes skal gå for eiga maskin til Florø i august

### STAVENES

■ D/S Stavenes har status som verneverdig fartøy. Den er den siste av Fylkesbaatane sine dampbåtar som framleis eksisterer.

■ Levert frå Bergens Mekaniske Verksted til Nordre Bergenhus Amts Dampskibe i 1904.

■ Byggjekostnad kr. 111 760. Fart 9,7 mil.

■ Frakta både last og passasjerar.

■ Var svært viktig i t.d. industriutbygginga i Høyanger og Årdal.

■ Skipet var isforsterka og med sin karakteristiske og kraftige baug vart

den nytta til å bryte is i fjordane i indre Sogn.

■ Vart ombygd i 1934 for å bli fylkets første bilførende fartøy i rute mellom Lærdal og Vadheim. Kunne ta 7-8 bilar på framdekket.

■ I 1939 vart dame- og røykjesalong vart slått saman til ein stor salong.

■ I 1954 vart dampmaskina erstatta med motordrift. Fart 10 mil.

■ I 1956 vart den lite driftssikre motoren erstatta av ny motor frå BMW.

■ Vart på slutten av 1960-talet reserveskip i Fylkesbaatane.

■ Vart i 1969 brukt i filmen «Song of Norway».

■ I 1973 vart Stavenes seld til England og brukt som privat lystbåt. Den fekk ny heimehamn i Nord-Wales.

■ I 1993 vart den kjøpt tilbake av Veteranskipslaget Stavenes, men restaureringsarbeidet stoppa opp.

■ I 2007 starta restaureringsarbeidet igjen. Det nye styret håpa på 100 medlemmer, men har alt fått over 200.

– Med dagens prisar blir det ikkje dyrare å fyre med kol, men sjølvsgatt meir upraktisk. Men det gjer også Stavenes til eit meir autentisk og spennande kulturminne, som den einaste kolfyrte dampbåten på Vestlandet, seier Konglevoll.

I Flåm eksisterer framleis kolkaia der Stavenes og andre båtar bunkra kol. No blir den truleg teken i bruk igjen.

Veteranskipslaget samarbeider

tett med Riksantikvaren om restaureringa av Stavenes, og det var Riksantikvaren sitt krav om at kolbaksane som vart fjerna i 1953 skulle setjast opp igjen, som opna for vedtaket om å gjere Stavenes kolfyrt.

## Uvanleg solid båt

Stavenes ligg no i Dåfjorden på Stord, der det blir arbeidd kontinuerleg med å byggje den 106 år gamle fjordtravaren opp igjen

slik den var etter ei ombygging i 1934. Alt uoriginalt blir fjerna.

– Når ein set i gang slikt arbeid i ein båt frå 1904, seier det seg sjølv at det kjem nokre overraskingar. Det vart meir stål å skifte ut enn først planlagt, men så blir det gjort grundig og skikkeleg for lange tider framover. Det vi ser, er at Stavenes er ein uvanleg sterk og solid bygd båt, seier Konglevoll.

Han er optimistisk med

omsyn til arbeidet vidare. Prosjektet går framover for full fart. Økonomien er sunn, og sidan Riksantikvaren er med på laget vil arbeidet ikkje stoppe opp.

– Dette er eit av Norges mest spennande fartøyvernprosjekt, og Stavenes blir eit av landets flottaste veteranskip. Vi har stø kurs mot Florø 5. august, seier Øyvind Konglevoll.

kjell.aga.ulvestad@firda.no

## I turisttrafikk på Nærøyfjorden

Fjord1/Fylkesbaatane har skrivne intensjonsavtale med Veteranskipslaget Stavenes der dei seier seg interessert i å kunne leige Stavenes for å setje den inn i turistruter og charter når den er klar for trafikk.

– Med Nærøyfjorden på Unesco si verdsarvliste, og med Vestlandsfjordane som er kåra til verdas beste reise-mål, vil turistane få ei ekte reiseoppleving med Stavenes. Fjordane fortener ein båt som Stavenes, seier Øyvind Konglevoll.